



**Det er synd å seia at det har vore nokon stor trafikk til sjøs til våre trakter til no denne sommaren. Men denne helga har i alle fall ein tysk storsiglar vitja båthamna undervegs frå Bergen til Stavanger og eit mannskap på 7 gjev i kveld uttrykk for at det er fantastisk naturskjønt i Uskedalen. Skipper Volker Bethof, som er 77 men slett ikkje er prega av det, er frå Lübeck og er oppteke av dei nære historiske band med Bergen.**

Dei andre kjem stort sett frå området rundt Bodensjøen, der også båten er stasjonert som ein av to tilhøyrande ein stor siglar-klubb med 7000 medlemmar. Klubben GfS har no eksistert i 43 år og førebur utskifting av skip. Vi les i klubborganet at klubben legg står vekt på skoloring både på grunnplanet og skipperplanet.

Brigantia er 15 meter lang, laga av Helløs i Sverige og no ute i sin 5. sesong. Denne sommaren starta turen på Azorane og har vore innom Irland, Skottland og Shetland før Bergen og no står Lysefjorden på ruteplanen før ferda rundt Sørlandet til Oslo. Neste år vert det ei anna rute.

På biletet står skipperen til venstre og 3 av mannskapet utover til høgre. Både Gudrun Heute-Bluhm, Bärbel Ruppman og Klaus Unger er frå området på tysk side av Bodensjøen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen